

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstue
0301 Oslo

Bergen, 14.7.2013

Høringsuttale om Børsdalselva kraftverk i Kvinnherad kommune, Hordaland

Om tiltaket

SKL Produksjon AS søker om løyve til å byggja Børsdalselva kraftverk
Installert effekt på 4,6 MW, med ein estimert årsproduksjon på 17,1 GWh

- Kraftverket vil nytta eit fall på 380 m i Børsdalselva, med inntak på kote 530 moh i Fagerdalsvatnet, og vil føra til redusert vassføring på ein 2,5 km lang elvestrekning i Børsdalselva, ned til kraftstasjonen på kote 150 m (alt. 1)

Børsdalselva er ei sideelv til Uskedalselva som munner ut i Storsundet i Kvinnheradsfjorden. Innebærer regulering på 5 m i Fagerdalsvatnet, 4 m heving og 1 m senking. Vatnet i Kvanngrodtjørn blir overført gjennom ein kanal til Fagerdalsvatnet. Røyrgata blir nedgravd i ei 2600 m lang grøft, mellom inntaket og kraftstasjonen, som stort sett

vil gå i fjell eller storsteina ur. Bygginga av røyrgata vil bli realisert med taubanedrift. Inntaket skal vera "veglaust", i følgje utbyggjar, men eksisterande veg til sandtaket er tenkt permanent utbetra og forlenga med 1100 m fram til kraftstasjonen.

Fylkesrådmannen har innstilt på at det ikkje blir gitt konsesjon, ut frå omsynet til sumverknadene og til at det er eit stort inngrep i eit tidligere urørt og mykje bruk tur- og fjellområde. Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter Vatnressurslova.

Hydrologi

I søknaden blir det opplyst at Børsdalselva har ei maksimal slukeevne på 1400 l/s, og det blir søkt om slepp av ei minstevassføring på 100 l/s i sommarsesongen og 30 l/s resten av året. Sommarsesongen blir ikkje nærare definert, men sjølv med 100 l/s blir dette ei svært brutal reduksjon i vassføringa, med tanke på den kritiske perioden om hausten og eventuelle tørrår.

Vatnet frå eit felt med avrenning til Kvanngrodtjørn skal overførast til Fagerdalsvatnet. Det blir opplyst at det er ein viss erosjonsfare knytt til reguleringssona. Den nedgravde røyrgata vil etterlata sår i naturen. Utløpet frå Kvanngrodtjørn blir sperra med ein terskel, noko som kan bety total tørrlegging av Kvanngrodtjødn. Konsekvensane for plante- og dyrelivet er ukjente. Oppdemminga på 5 meter i Fagerdalsvatnet kan føra til skader på flora og fauna i våtmarksområdet rundt vatnet.



Biologisk mangfold og fisk

Det er observert 2 raudlista mosearter i influensområdet for utbygginga, vasshalemose (VU) og flommose (VU). Dei er begge to knytt til vassdrag og rennande vatn, og vil truleg bli skadelidande ved den planlagte utbygginga. Det blir også rapportert om funn av reirplass til kongeørn. Elva kan også vera fossekallhabitat, særleg elva nedstraums frå inntaket frå kote 400. NVH er kritisk til mangelfull og overflatisk registrering, og minner om føre var-prinsippet som er nedfelt i §9 i Naturmangfaldlova. Synfaringa tok berre ein dag, og det blei dermed ikkje tid til å undersøka eventuelle fossekallokaliteter, det heiter såleis berre: *“Elva nedstrøms kote 400 er et gunstig fossekallhabitat. Det er derfor grunn til å anta at strekningen ned til Uskedalselva er et territorium for fossekall.”* Om dei to raudlista mosane heiter det at vasshalemose fins på tre lokaliteter, den eine ovanfor kote 190 og dei to andre nedanfor. Flommose fins spreidd langs heile vasstrengen.

Konsekvensrapporten konkluderer dermed at alternativ 2 med inntak på kote 190 er meir “skånsamt” enn alternativ 1 på kote 150. Likevel heiter det i rapporten at begge mosane er avhengig av rennande vatn og stadig overspyling, og dessutan avhengig av spreiding med fragmentering, på grunn av dårleg sporeproduksjon, og konkluderer med at dei *“vurderes å være utsatt for en langsom, men signifikant reduksjon.”* Dette gjeld begge alternativa, og kurvene over vassføring viser klart at i tørrår kan den kritiske perioden med minstevassføring om hausten bli fordobla til to månader nedstraums inntaket. Då er heller ikkje alternativ 2 særleg skånsamt, sjølv om to av tre observerte lokaliteter fins nedanfor inntaket i alternativ 2.

I rapporten er det foreslått som avbøtande tiltak å auka slukevna, eventuelt å ha kunstige flaumar i den kritiske perioden for å halda liv i dei to truga moseartane. Det blir også foreslått å flytta anleggsvegen og røyrgata 10 meter bort frå elveløpet. NVH meiner dette er altfor usikkert, fordi det vil vera vanskeleg å kontrollera. Erfaringar frå revisjonar viser at det ofte blir synda mot slike tiltak.

I Børsdalen er det også observert hekking av ein truga stor fugleart (kongeørn?) – noko som gjer det nødvendig med strenge restriksjonar på anleggsarbeidet, med kjøre- og ferdsselsforbod før

1. juli og forbod mot sprenging og helikoptertrafikk før 1. september. Også i tida etter eventuell utbygging vil det bli nødvendig med ferdsselsforbod. Dette gjer at ein må stilla eit stort spørsmålsteikn ved samfunnsnyten og verdien av utbygginga.

I elva er det og ein stadeigen sjøaurestamme, som er anadrom opp til kraftstasjonsnivå, og som kan bli negativt påverka av inngrepet.

Landskap og friluftsliv

Nedslagsfeltet til Børsdalselva ligg midt i eit stort INON-område med sårbart høgfjell. INON-reduksjonen er rekna til 5.2 km² i sone 2, og heile sone 1 vil bli redusert til sone 2. Dette vil redusera kvaliteten på turopplevingane, då landskapet ikkje lenger vil bli oppfatta som urørt. Fylkesrådmannen har frårådd utbygging fordi dette er eit vakkert landskap og mykje brukt turområde, som strekkjer seg frå fjord til fjell. Frå toppen av Englafjell og Ulvanosi er Børsdalselva godt synleg, og er ein viktig del av eit vakkert utsyn over store delar av Sunnhordland. Det føregår også jakt på hjort og fjellrype i området. Elva går delvis gjennom storsteina ur og morenegrus, men dannar likevel to flotte fossestryk, i følgje opplysningar frå Kvinnherad Turlag.

Det er ein stor mangel ved konsekvensanalysen at det ikkje er noko vurdering av landskaps- og friluftsverdiane i vassdraget, bortsett frå omtalen av INON-reduksjonen. Frå debatten i lokalpressa går det fram at det er stor lokal motstand mot utbygginga og at Børsdalselva er det mest kontroversielle av dei vassdraga i Kvinnherad der det er søkt om konsesjon.

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland støttar konklusjonen til fylkesrådmannen, og går mot utbygging av Børsdalselva. Vassdraget ligg midt i eit sårbart høgfjellsområde som strekker seg frå fjord til fjell, og inngrepet representerer ein INON-reduksjon i sone 2 på 5.6 km². Det er stor lokal motstand, og fjellområdet rundt Børsdalen med Ulvanosi og Englafjell er eit populært og mykje brukt turterreng, der ein har eit storslått utsyn over store deler av Sunnhordland. Børsdalen er eit sentralt element i dette utsynet.

I tillegg til skaden på landskap og friluftsliv kjem omsynet til dei to truga moseartane, som vil bli skadelidande ved utbygging, og til den truga fuglearten. Eventuelle fossekallokaliteter er ikkje tilstrekkeleg undersøkt, men sjansen for at slike fins både oppstraums og nedstraums inntaket, blir vurdert som stor. Konsekvensane av inngrepet på dei to moseartane blir vurdert som stort til middels negativt, likeeins INON-reduksjonen og konsekvensen for den truga fuglearten. Alt dette støttar opp under vår konklusjon om at dette vassdraget ikkje bør utbyggjast, her er ulempene ved utbygging langt større enn fordelene, sjølv om det blir sett i verk såkalla avbøtande tiltak.

Bergen, 14.7. 2013

For Naturvernforbundet Hordaland
Signe Sandberg
Leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar

